

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Sveinung Toft	FA - T11	15/411

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
033/2016	Formannskapet	PS	16.03.2016

## 132 kV kraftleidning Dalsbotn fjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon, høyring av tilleggssøknad

### Vedlegg:

**Journalposttittel**  
1682454

**Dato**  
08.03.2016

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune viser til tilleggssøknaden og meiner at traséalternativ 3 samla sett er betre enn dei to andre alternativa som er omsøkt. Det vert vektlagt spesielt at dei produktive areala i Myrdalen og langs Bastelielva ikkje vil verta berørt av dette alternativet.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

NVE har i brev dagsett 23.02.2016 sendt over på høyring tilleggssøknad frå Zephyr AS for 132 kV-kraftleidning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune til Frøyset transformatorstasjon i Masfjorden kommune. Frist for å koma med merknad til NVE er 18. april 2016.

Tilleggssøknaden, sjå vedlegg, inneheld eit nytt traséalternativ, alternativ 3, mellom Frøyset transformatorstasjon og Varden sør for Austgulfjorden. I tillegg søker Zephyr no om å leggje traseen på vestsida av Stølsvatnet i Gulen kommune. Zephyr opprettheld tidligare søkt alternativ 1, men alternativ 3 prioriterast framfor alternativ 1. Det vert og søkt om ein alternativ trase 2, som følgjer trase 1 sørover til heilt nord i Myrdalen og kryssar denne over til Blåfjellet, og deretter følgjer alternativ 3 sør til Frøyset transformatorstasjon. I søknaden vert det vist til innkomne merknader mellom anna frå Barnas Turlag, Masfjorden og Masfjorden kommune som grunngjeving for no å søkja om nytt traséalternativ 3. Zephyr meiner at alternativ 3 samla sett kjem gunstigare ut enn dei to andre alternativa.

Zephyr søker òg om oreigningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Zephyr om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde.

Gjennom høyring av konsesjonssøknaden ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader. Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider [www.nve.no/kraftledninger](http://www.nve.no/kraftledninger).

Opphavelig søknad frå Zemphyr AS vart oversendt frå NVE i brev av 30.04.2015 og vart handsama i kommunestyret den 10.09.2015, sak 065/15. Det vart då gjort følgjande samrøystes vedtak:

*Masfjorden kommune rår i frå at det vert gjeve konsesjon for omsøkt 132 kV linje mellom Dalsbotnfjellet til Frøyset transformatorstasjon. Vidare rår ein til at NVE ber søkjar om å vurdere alternative trasear som kan redusere dei negative konsekvensane ei ny høgspenning linje vil få. Ny konsekvensutgreiing må lagast, der fleire ulike trasear vert drøfta og nye faglege utgreiingar knytt til konsekvensar for mellom anna ornitologi, kulturmiljø, skogbruk, friluftsliv, vilt og landskap vert lagt ved. Utgreiinga må visa ei samla oversikt over dei ulike konsekvensane ulike linjealternativ vil ha. Den samla belastninga ei kraftlinje igjennom Myrdalen ved Sleire til Frøyset vil ha, i tillegg til den allereie planlagde 440 kV linja via Sleire- må takast hensyn til.*

Nedunder er ny trase sør for Austgulfjorden vist. Den raude streken viser tidlegare omsøkt trase (tidlegare kalla 2B), og den blå viser nytt trasealternativ 3 som no er omsøkt.



### Vurdering

Administrasjonen er samd med føretaket Zephyr AS at alternativ 3 er noko betre enn dei andre traseane. Spesielt viktig er det at ein unngår å gå gjennom Myrdalen og langs Bastelielva over til Tangedal. Både Myrdalen og strekningen langs Bastelielva har meir produktive areal enn trase 3 som går over fjellområdet ved Storenova og nordover mot Kvitefjellet. Ei kraftlinje langs trase 3 vil etter vår vurdering difor ha mindre konsekvensar for miljø- og landbruk i Masfjorden kommune enn det alternativ 1 vil ha.

Ut frå ei landskapsvurdering ser ein at plasseringa like ved toppen av Storenova vil vera uheldig for friluftslivet og for landskapsopplevinga i dette området, og at det ville vore betre om kraftlinja hadde vorte lagt lenger nord, slik at traseen kom ned til eksisterande kraftlinje like nord for Nipa. Eit slikt alternativ ville sansynlegvis redusert det samla landskapsinngrepet noko, og gjort at alternativet

hadde kome endå betre ut i høve de andre to alternativa.

### **Konklusjon**

Administrasjonen er samd med føretaket Zephyr AS at alternativ 3 samla sett er betre for enn dei to andre alternativa, og vektlegg spesielt at det produktive området gjennom Myrdalen og langs Bastelielva ikkje vert berørt.

### **Formannskapet - 033/2016**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland orienterte kort.

Geir Egil Haugsvær sette fram følgjande framlegg til tillegg:

.. og at utifrå ein landskapsvurdering ser ein at plasseringa like ved toppen av Storenova vil vera uheldig for friluftslivet og for landskapsopplevinga i dette området. Saka vart drøfta og ein kom samla fram til følgjande tillegg til vedlegg:

Masfjorden kommune meiner at plasseringa ut frå ei landskapsvurdering like ved toppen av Storenova vil vera uheldig for friluftslivet og for landskapsopplevinga i dette området. Ein ber difor om at linja vert trekt lenger ned i terrenget på nordsida av Storenova.

Framlegg til vedtak med tillegg vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune viser til tilleggssøknaden og meiner at traséalternativ 3 samla sett er betre enn dei to andre alternativa som er omsøkt. Det vert vektlagt spesielt at dei produktive areala i Myrdalen og langs Bastelielva ikkje vil verta berørt av dette alternativet.

Masfjorden kommune meiner at plasseringa ut frå ei landskapsvurdering like ved toppen av Storenova vil vera uheldig for friluftslivet og for landskapsopplevinga i dette området. Ein ber difor om at linja vert trekt lenger ned i terrenget på nordsida av Storenova.